



INGEBORG
MJØR
imj@hib.no

BARNELITTERATUR

Hestekrim festar grep om plottet

SPENNINGSROMAN

ANNE VIKEN:

Elise og mysteriet på hesteklinikken

SAMLAGET

Elise er ei hestegalen ungdomsskulejente med ambisjonar om å bli veterinær. Ho er også ein Frøken Detektiv-variant. Då eg melde den første boka i 2012, var eg noko kritisk til sjølve krimplottet og opprullinga av



det. Derfor vil eg straks seia at eg synest dette fungerer mykje betre i årets bok.

I krim for barn treng ein geskjeftige og overmodige ungar, dessutan ei tidsramme. Ein løyser mysterium opp mot ein frist, gjerne slutten på ein ferie. I *Mysteriet på hesteklinikken* får Elise ha arbeidsveke hos onkel Kalle, som har prøvetid i ny jobb. Kalle er ein sjarmerande ung veterinær og eit ideal for Elise. Prøvetid har også den dødsjekke Thomas, og så er det to seniorar på klinikken som avgjer kven som skal få fast jobb. Elise er knapt innanfor døra før ho merkar at noko ikkje stemmer. Det skjer dramatiske ting der Kalle har vore på jobb, hestar døyr av behandlinga. Han kjem under press, og Elise snusar rundt. Det handlar om ambisjonar, og om ein vitskapsmann som har blitt stormannsgalen. Historia er spennande, men det blir putta vel mykje stoff inn i ei stakkars arbeidsveke. Her er det nokre sidehistorier, og så har Anne Viken også i denne boka ein hang til mystikk og trolldom. Kulissen er i så måte velvald, veterinærbustaden er eit kråkeslott med interiør av hestehovud og skjelett og ein dyrekyrkjegard i hagen. Historia tyngjer. Vel og bra, men det blir altså litt mykje, og det er samtidskonteksten som gir romanen dei beste kvalitetane.

INGEBORG MJØR

Biletbokhausten:

Godt om barnets redsle

BILETBOK

GYRID AXE ØVSTENG OG
PER RAGNAR MØKLEBY:

Førstemamma på Mars

SAMLAGET


Mor er på sjukehuset, far prøver å formidla dette til ei lita jente som nektar å høyra på han. Mamma er sikkert på jobb, i hagen, på rommet med stjernekkerten eller kanskje på Mars! Far vil ha jenta med «dit mamma er», jenta blir først rasande, så gir ho etter. På sjukehuset greier ho ikkje å gi mora ein klem, ho er så framand der i senga. Boka sluttar i ei varm og leiken scene, sju-



kehussenga blir eit fartøy som sender den vesle familien til Mars, der dei plantar føtene i bakken, i

triumferande månelandingspositur. I denne stemninga, men i ein open og usikker situasjon, sluttar boka.

Det er krevjande å balansera eit emosjonelt tema som dette utan å hamna i den sentimentale fella, og eg synest denne biletboka greier seg godt. Teksten er knapp og temperamentsfull, vi møter det redde barnet, det sinte og desperat



rasjonaliserande barnet. Turen til sjukehuset er godt fortald, særleg visuelt. Dei er einaste bil i mørkret på vegen, sjukehuset er enormt og reiser seg mot lesaren, brutalistisk i sin arkitektur. Heisturen er lang, det same er korridoren. Framandgjeringa er sterk, men heisturen løyser litt opp. Sida er delt inn i tolv ruter, éi for kvar etasje. Vi kan studera spenning og tilnærming mellom far og barn, etasje for etasje. Dette er god illustrering.

Ei kritisk innvending har eg

til ei barneteikning som er viktig tidleg i boka. Den blir laga, krølla saman og henta fram frå papirkorga. Mamma skal få den. Teikninga dukkar aldri opp att i boka. Det er kanskje ikkje noka stor sak, men i ei såpass konsentrert bildebok forventar ein nok at innslag som dette blir følgde opp.

INGEBORG MJØR

Ingeborg Mjør er førsteamanuensis ved Høgskolen i Bergen og fast barnebokmeldar for Dag og Tid

Traust sakprosa om fjellreven

SAKPROSA

NINA E. EIDE, TERJE BORG
OG CAMILLA NÆSS:

Møt fjellreven

ILLUSTRERT AV INGER LISE BELSVIK
MANGSCHOU



Ei forfattargruppe, alliert med illustratør Inger Lise Belsvik, har laga nøktern sakprosa om fjellreven. Det nøkterne ligg i at ein har valt å ikkje menneskeleggjera dyra gjennom til dømes å gi dei namn eller gjennom å følgja ein rev eller ein familie. Årets gang strukturerer innhaldet, frå kvelpékull i mai, til ny paring våren etter. Ein lærer om årssyklus, matting, matmangel og naturlege fiendar. Ein lærer om kva tiltak som er sette i gang for å berga fjellreven som art. Den informerande teksten er supplert av ein faktadel med oppslagsord og ein generell bol-

om truga artar.

I bøker som dette vil ein ofte bruka fotografi, her er det valt illustrasjon – og for ei lekvinne ser det ut som om Belsvik kan teikna dyr. Det er dessutan illustrasjonane som har fått ansvar for å sikra lesarens emosjonelle engasjement. Her er vakker natur og søte reveungar, vi ser omsorgssituasjonar, mor-barn-motiv og eit litt «arrangert» bilde av leikande ungar. Revane er varsamt menneskeleggjorde, dei nærmast smiler. Store brune augo møter lesaren, med appell om sympati. Det er ingen tvil om kven som er bokas *good guy*, eller at

raudreven med det aggressive uttrykket er *the bad guy*.

Nedgang i lemenstamma er eit hovudproblem for fjellreven, og lagnaden til lemenet er bevisst underkommunisert i boka. Ein kan ikkje risikera at barnelesaren blir for oppteken av drap på søte små dyr. Boka har likevel kosta på seg eit *lemenår* på innsiddepermane. Der kryr det av lemen, det fungerer dels humoristisk og dels til ettertanke. *Møt fjellreven* er solid fagformidling utan publikumsfrieri og ekstraustyr. Ein pris ein kan henda må betale for dette, er ein viss risiko for anonymitet.

Å gå på trynet, å reisa seg att

UNGDOMSROMAN

GAUTE M. SORTLAND:

The rise and fall of Gøran Trovåg

SAMLAGET

Visst har vi plass til fleire dannelsingsromanar om lidningane til unge menn, så lenge dei held litterært mål. Og det gjer Gaute M Sortlands nye bok.

I ein haugesundsaktig by bur Gøran, som helst kallar seg Stuart. Den ytre ramma er ein plan som skal øydeleggja for dei som langar heime-

brent til ungdomsskuleelevar. Men bokas sentrum er *gutefellesskapen*, som alltid er viktig i romanar som dette, likeins er *bandet* ein klassisk ingrediens i unge menns danning. Ein startar, øver og småkranglar, ein spelar dårleg, ein plasserer seg sjangermessig og finn eit passe «sjukt» namn. Den viktige konserten endar med at ein går på trynet. Slik var det i Tore Renbergs *Mannen som elsket Yngve*, slik var det i filmen *The Commitments*, slik går det også her. Så viser det seg at desse katastrofane likevel ikkje er slut-

ten, den unge mannen skal vidare i livet.

Stuart er sterkt knytt til kompisen Eivind, han er også avhengig av han, Sortland skildrar ein moden venskap mellom unge gutar. I spreidde scener kjem det fram at Stuart er mørkreidd, det hender at han ikkje klarar sova heime. Der kan det vera fest, det hender at mor er borte om nettene, og med dette skjonar vi meir av Stuarts krosstog mot alkohol. Stuart blir også plaga på skulen når ikkje Eivind er der. Dei på sett og vis underkommuni-

serte krisene i Stuarts kvar-dag skaper eit mørker og ein intensitet i romanen, lesaren blir imponert over hans humør og ressursar. Det er eit godt val å ikkje lata krisene dominera, dei er der likevel, som ei sterk utfordring til lesaren. Stuart er skildra med språkleg overskot i ein maskulin, på grensa til überkul sjargong, han er ein likande kar vi heiar på.

